

FAU, Halbrend skule

Møtereferat

09.11.2023

Møtt	Ikkje møtt
Stian L. Njøsen, 6A Arne Sæterbakken, 6B Liselotte Norman, 7C Tor Vidar Myklebust, 8B Cecilie H. Øvrebotten, 8C Børge D. Klakegg, 8D Torgrim Rødviik, 9A Ola Sjølvberg, 9B Geir Angedal, 9C Stine Elverum, 9D Pawel Mielnik, 10A Anja S. Kiil, 10B Ingeborg Sunde, 10C Pål Hegland, 10D	Arnhild S. Laukeland, 7A Henrik Myklebust, 7B Margrete Lunde, 8A

1. Informasjon frå rektor

• Nasjonal standard for mobilfri skule?

Kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle ei tydeleg anbefaling til norske skular for å unngå mobilbruk. Bakgrunnen er at mobilbruk påverkar faglege resultat negativt og føre til utanforskap og mobbing. Målet er å få på plass restriksjonar knytt til mobilbruk i skulekvardagen. I første omgang er det ikkje snakk om eit forbod, då dette tek lang tid å få på plass.

Per i dag er det opp til kvar einskild kommune og skule å avgjere om dei ønskjer å regulere mobilbruken for sine elevar, og korleis dette skal gjennomførast.

Halbrend skule tek inn elevane sine mobiltelefonar i første time og leverer tilbake på slutten av dagen. Utfordringar skulen opplev i dag er:

- Timane der elevane treng mobilane for å til dømes lage videoar, snakke inn tekstar, nytte hjelpemiddel m.m.
- Elevar som har med seg to mobilar, slik at dei kan levere frå seg ein som ikkje er i bruk

På mellomtrinnet meiner skulen at det ikkje er naudsynt for elevane å ha med mobiltelefon.

• Møte med SLT-gruppa

SLT står for Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak (for barn og unge). SLT handlar om å gjere innsatsen for betre oppvekstvilkår, meir effektiv, ved å samordne dei gode kreftene i kvar kommune.

SLT-gruppe i Sunnfjord fortel:

- haldninga mot illegale rusmiddel endrar seg, og at barn og unge har ein «det er ikkje så farleg»-haldning

- Utpressing på nett – knytt til bildedeling, aukar
- Politiet merkar at både born og føresette er redde for å angje andre, fordi borna «får svi» dersom ein sladrar
- Dei arbeid systematisk inn mot minoritetsungdom for å unngå subkulturar, då denne gruppa sjeldan er med på organisert aktivitet.
- Trendar i storbyane når også utkantane. I Bergen er det stor auke i vinningskriminalitet der gjerningsmannen er under 18 år (ran, steling, osv.)
- Stadig yngre barn nyttar seg av vald som løysing i saker. På Halbrend skule har ein beslaglagt gjenstandar ein kan slå med, som elevar har tatt med frå egne heimar

SLT-gruppa opplev også fleire usikre føresette. Dei opplev at føresette ønskjer å vere venn med borna sine, og ikkje «tørr» å sette dei grensene som skal til.

Måndag 06. november hadde SLT føredrag for 7.trinn med tema «Er det delbart?», på kvelden var føresette kalla inn til foreldremøte med same tema. Bakgrunnen er at mange barn og unge brukar mobiltelefon og appar som legg til rette for å ta og dele bilde og videoar. Politiet merkar i denne samanheng auke i saker der seksualiserte bilde og videoar kjem på avvegjar. Dei synte ein film der vi møtte Kaisa som opplev ulike dilemma knytt til bildedeling. Gjennom avspelinga er det lagt inn refleksjonsspørsmål om kva ein kan gjere dersom ein opplev ein slik situasjon, kva føresette kan gjere, kva lovverk seier m.m.

Tidlegare var føredraget lagt til 9. trinn, men dei gjekk glipp av føredraget då det blei flytta til 7. trinnet – skulen har vore i kontakt med politiet om mogelegheit for eit ekstra føredrag, men dei har dessverre ikkje kapasitet før 2024. Eventuelt kan ein opne for at dei får vere med 7. trinn neste år.

- **Budsjett**

Slik det har stått i Firda vert det kutt i alle kommunale einingar; gjeld også Halbrend skule

Det betyr at administrasjonen må tenke nytt:

- Dele klassar i spesifikke fag (t.d. mat og helse)
- Innkjøp
- Bli meir restriktive i bruk av assistentar og ekstra lærarressursar

- **Delta i forskingsprosjekt**

Prosjektet der ein skal følgje 8. klassingar over tid, har fått 10 millionar i støtte frå forskingsrådet. Målet er å undersøke kva interaksjonen mellom lærar og elev har å seie for eleven si oppfatning av mattefaget. Prosjektet tek til neste haust.

- **Planleggingsdag med fokus på vurdering i skule**

Vurdering er eit satsingsområde i kommunen, spørsmåla er: korleis lærarar skal vurdere elevar, kva skal vurderast, korleis skal elevane delta i vurderingsarbeidet, skal alle gjennom same vurderingstrakta, kva gjer karakterar med skulemiljøet og når skal elevane introduserast for karakterar?

(Ingenting er konkludert).

- **Nasjonale prøver**

Halbrend skule ligg ganske likt med heile landet, Vestland og Sunnfjord i norsk. Ein skulle ønskje at fleire elevar las meir, det er ikkje så mange som les bøker lenger. Det merkast på prøva at ikkje mange er vant til å lese i 90 minutt. Skulen jobbar ein del med lesing – då det er viktig i norsk, men også viktig for matte- og engelskfaga der meir og meir tekst er knytt til oppgåvene.

I matte så skil Halbrend seg ut i positiv forstand. Berre 3 % er på nivå 1, og heile 21 % er på nivå 5. Det kjem likevel fram at 9. klasse på Halbrend skule opplev at statistikk er utfordrande – så det skal skulen ha meir fokus på.

Skulane internt i Sunnfjord har samarbeid seg i mellom for å lære av kvarandre, når dei ser variasjonar i prestasjon frå skule til skule.

- **Spekterundersøking**

Skulen har gjennomført spekterundersøking. Ei undersøking for å kartlegge korleis elevane har det. Undersøkinga er ikkje anonym. Det kjem fram frå undersøkinga at få elevar opplev å ikkje ha nokon å vere med på skulen, og få elevar opplev digital mobbing. Ved å gjennomføre ei undersøking som ikkje er anonym har ein mogelegheit til å snakke med elevar som opplev utfordringar.

2. Innkomne saker:

Arbeidsplanar

Det er stort sett identiske vekeplanar på alle trinn. Det er ein fagansvarleg i kvart fag som planlegg for heile trinnet, og så er det funksjonsansvarleg som skal drive arbeidet med faget.

Elevane har fått auka medråderett i emne dei skal jobbe med. Elevane skal i større grad få seie kva tema dei skal jobbe med, korleis dei skal jobbe med tema og korleis dei ønskjer å bli vurdert. Elevane har rett på bli vurdert i eit breitt utval av vurderingsformer.

LK-20 fortel skulen kva emne dei skal innom, men seier lite om spesifikke tema innan emnet. LK-20 har 19 kompetansemål; store mål, som elevane sjølv skal velje tema ut i frå og tileigne seg kompetanse knytt til overordna mål.

Kyrkje

Heile skulen skal til kyrkja 14. desember, 7. trinn er ansvarlege for å ha program. Dei som ikkje ønskjer å vere med blir igjen på skulen og har undervisning.

Snusbruk

Lærarar og assistentar skal ikkje snuse på jobb. Rektor tek det opp på einingsmøte.

3. FAU

Skipingsdokument for foreldrerådet ved Halbrend skule.

Ingeborg har utarbeida eit skipingsdokument, der foreldrerådet utgjør foreininga ved Halbrend skule. Alle føresette ved skulen bli medlemmar av foreininga. FAU vert foreininga sitt styre.

Grunnen er at FAU skal kunne søke om midlar, og for å gjere det må ein ha eit organisasjonsnummer. Derfor ønskjer vi å organisere foreldrerådet.

Organiseringa av foreldreråd og arbeidsutval er med utgangspunkt i opplæringslova.

Vi gjennomgjekk dokumentet og vedtekter i møtet, og landa at Arne skisserer eit nytt utkast av teksten under § 3 Føremål. Under § 7 årsmøte endrar vi frå september til desember. Det må også leggest til eit punkt med kven som har fullmakt til å opprette og disponere konto.

Ingeborg sender ut nytt utkast av skipingsdokument og vedtekter i heilskap til medlemmane i FAU når endringar er gjort, med frist for innspel.